

VISTNES

Gnr 57

Busetnad i 4000 år

Garden omfattar 1200 dekar. Innmarka ligg på ein morenerygg som strekk seg frå den 30 meter høge Vedabakken og om lag ein kilometer nordaustover i skilje mot Viste.

Det har budd folk på Vistnes i minst 4000 år og eldste buplassen me veit om er i Huldrehåla. Her vitnar leirkarbrot, brot av flint, trekol og dyrebein om at det budde folk her i steinalderen. Kanskje var det den same stammen som heldt til i Svarthola og Svinaberget. I seinare tid er det funne øksar, flintdolk og spydspiss. Det er registrert ni gravhauger på garden, den største er Grøderøys.

Etter Svartedauen var det berre to bruk att, nabogardane Vistvik og Raustein vart heilt avfolka.

Vistnestunet

Frå 1630 var det fire bruk som budde saman i klyngetun ovanom Vistnesvågen; Bronnberje. Etter utskiftingar i 1870 vart det 10 gardar, slik at kvar bonde fekk sitt eige jordstykke. I 1873 fekk søstrene Rakel og Anne Marie dele ei stor utmark. Rakel og husbonden hennar, Andreas, sette då opp husa som i dag er museumsgarden Vistnestunet. I 1976 gav dåverande eigar, Artur Vistnes, bygningane på tunet til Randaberg bygdemuseum.



Under utskiftingane i 1881 var det sett av tomt til skule på Vistnes. Året etter var skulehuset reist og fyrste læraren var Per Sjursen Harestad.

Både Raustein og Vistnesgardane hadde kverner i Breivik, ved grensa til Raustein.


God havn

Vistnesvågen var ei god havn noko som gjorde at fiske vart viktig. Fisk utgjorde ein stor del av kosthaldet og næringsgrunnlaget.

På Gardsenden står det to gamle naust; Heianaustet, som gardane på Heia eig saman, og Trebaknaustet, som gardane langs sjøen eig saman. Byggemåten er typisk for dei fleste naust som var sett opp i tidlegare tider.



Bumerker tilhøyrande garden Vistnes



**Randaberg
kommune**